

02 AUGUST 2023  
ÅRGANG 56

KYRKJEBLAD FOR ARNA OG YTRE ARNA

# Kyrkjebladet



**Ny prest i Arna** s. 4-5

**NRK-gudstenester** s. 9

**Ytre Arna sokn 70 år** s. 11-12

Utgjevar: Arna og Ytre Arna kyrkjelydar

Redaktør: Kristin Hjertaker

Redaksjonen: Ingvar Fløysvik, Tor Oddvar

Holmefjord, Jorunn Haukås, Kristin

Haukaas, Erik Rodal

Design: Ruth Sofie Steinsland

Trykk: Unigrafisk AS

Opplag: 5700

Foto framside: Kristin Hjertaker

Neste utgåve: 24.nov Materiellfrist: 27.okt

Arna kyrkjekontor

Telefon: 55 36 22 70, arna.menighet@kyrkja.no

Facebook: @arnakyrkle

Arna Kyrkjelydshus, Lakslia 21

kontortid tysdag, torsdag og fredag kl. 10-15

Soknerådsleiar: Kristin Haukaas

Sokneprest: Kristin Hjertaker  
kh937@kyrkja.no, telefon: 414 79 182

Dagleg leiar: Marianne W. Fanebust

Kapellan: Gina Marie Reisæter-Thu  
gr693@kyrkja.no

Kateket: Cathrine Snipsøy  
cs262@kyrkja.no, telefon: 920 71 840

Trusopplærar: Gro Eman, ge427@kyrkja.no

Kantor: Olav Arne Steinkopf, os377@kyrkja.no

Ytre Arna kyrkjelyd Tlf. 55 36 22 73

ytre.arna.kyrkjelyd@kyrkja.no

Facebook: @ytrearnakyrkle

Open kyrke: Onsdag 11.30-13.00

Soknerådsleiar: Jorunn Haukås

Sokneprest: Ingvar Fløysvik  
if952@kyrkja.no, telefon: 916 06 626

Dagleg leiar Benthe Vevle

Trusopplærar: Margreta Myklebust  
mm469@kyrkja.no

Organist: Jørn Skauge, js234@kyrkja.no

Tilsette i begge kyrkjelydar:

Kyrkjetenar: Monica Ohr, mo886@kyrkja.no,  
telefon: 412 04 198

Ungdomsdiakon 13-20: Maria Aasheim Grosås  
mg647@kyrkja.no, telefon: 413 60 923

Styrar Noa og Sakkeus open barnehage:  
Møyfrid N. Opheim,  
sakkeusopenbhg@outlook.com

BKF/Kirketorget:  
Dåp/vigsel/gravferd, Tlf. 55 59 32 10,  
kirketorget.bergen@kyrkja.no

Besøksadresse: Marken 34

Vil du gje ei gåve?

Arna, konto: 1506.60.81157,

VIPPS 11237

Ytre Arna, konto: 5081.08.12726,

VIPPS 12191



## Tankar om tru

# Guds rike

Eg fekk eit kunstverk for mange år sidan, eg er ikkje så god på teknikkar, så eg veit ikkje heilt kva det vert kalla, men det er no kunst.


Her er det skrive på gresk, som er språket Det nye testamentet fyrst vart skrive på, ei setning henta frå Matteus 12,28: «Då har Guds rike nådd fram til dykk.»

Folk då trudde Guds rike skulle koma. No styrer verdsrika. Me er underlagde keisaren i Roma. Men ein dag skal Gud oppretta riket sitt. Då vert alt vel. Nei, seier Jesus, Guds rike høyrer ikkje berre framtida til. Det har nådd fram til dykk no. Jesu kom med Guds rike. Han vann over synda, døden og djevelen si makt. Han er oppstoda og livet. No er Guds rike allereie mellom dykk, vil de ta imot det eller skuva det frå dykk?

Gud sende Son sin til verda. Det er etter kvart nokså gammalt nytt. Og me kan freistast til å la det få sin plass i ei fjern forhistorie. Men Gud gav Son sin «så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv.» Her står ingen slutt-dato, ikkje noko «best før 1776». Vara held framleis for «kvar den som trur

på han». Difor er setninga eg har på veggen over skrivepulten heime, like god i dag og gjeld like mykje for oss som for dei som levde på Jesu tid: «Då har Guds rike nådd fram til dykk.»

Øg for oss kjem Guds rike med Jesus og forteljinga om han. Himmel er ikkje berre eit klårt eller vagt framtids-håp. Jesus er oppstoda og livet. Den som trur på han skal leva om han så dør. Jesus er komen. Me har fått og får høyra om han. Guds rike har nådd fram til oss. Kva gjer du med det?



Ingvar Fløysvik | Prest



## Dåpstree i Ytre Arna kyrkje

TEKST: JORUN HAUKÅS, BILDE: ROBERT BIRKELAND

Ytre Arna kyrkjelyd har vore så heldige at det er laga eit dåpstree. Treet skal brukast under dåp i kyrkja.

Når du går inn i Ytre Arna kyrkje og ser opp i den fremste glasruta til høgre, vil du sjå at det står eit vakkert «tre» der. På greinene på treet er det plassert nokre hjarte, med namna til dei borna som er døypt i år. Kvar gong det er dåp, vil det verta hengd opp eit nytt hjarte med namnet til dåpsbarnet.

Neste år vil dåpsborna verta bedne inn til ei gudsteneste der dei kan få henta hjarta sitt. Me er veldig glade for å få dåpstree på plass i kyrkja.

Treet er ei gåve og er spesiell til kyrkjelyden vår.

## Trusopplærar i Ytre Arna

Frå 1. juni og eit år framover skal Margreta Myklebust vera trusopplærar i Ytre Arna. Stillinga er på 30%, og det er eit vikariat.

To viktige særdrag ved Margreta er det strålande smilet og gleda over å få fortelja den gode bodskapen om Jesus. «Han lever, og eg skal få lov til gå med beskjed!» syng Hans Inge Fagervik. Det er òg grunnen til at Margreta valde å ta imot dette vikariatet. Ho seier at Ytre Arna er ein spennande stad. Her er på eit vis heile verda samla på ein plass. Og etter som det er ein stad folk ofte berre kører forbi, kan me vera ekstra visse på at Gud har omsorg for denne bygda, meiner Margreta.

Margreta er fødd og oppvachsen på Lone. Ho er gift og har fire born i alderen fire til tolv år. Av yrke er ho lærar. I februar kom familien tilbake frå Hawaii. Der hadde dei vore nokre månader på familie-DTS. Bokstavane står for disippeltreningsskule. Det finst mange slike skular rundt i verda. Dei vert drivne av organisasjonen Ungdom i oppdrag – Youth With a Mission på originalspråket.

Vil du møta henne og høyra kva ho har å fortelja, så kom i kyrkja 10. september. Då skal Margreta ha preika!



## Konfirmant i Arna?

Merk deg at informasjonsmøte for nye konfirmantar og føresette vert torsdag 19. oktober kl. 18 i Arna kyrkje. Konfirmantåret i Arna er endra; info og påmelding om hausten, oppstart i januar, leir i juni og konfirmasjon i byrjinga av september. Meir info finn du på heimesida til Arna kyrkje: [www.kyrkja.no/arna](http://www.kyrkja.no/arna)

## Vår felles fremtid

«Vår felles fremtid. Klima, natur og fremtidstro» er tittelen på en spennende temakveld i Arna kyrkje-lydhus torsdag 26. okt. kl. 19.

Gunnar Kartveit: «Guds frykt med nøysemd - kan det hjelpe oss i dag» Klimaforsker Helge Drange, Bjerknes-senteret: «Klima-alvor og fremtidsstro». Presentasjon av Besteforeldrenes klimaaksjon. Kyrkjekoret deltar. **Velkommen!**

Arr.: Diakoniutvalget

## Bibeltimar om Salmane

Pensionert sokneprest Jan Kåre Jakobsen held ein ny serie bibeltimar denne hausten. Tittelen er "Frå djupet ropar eg til deg, Herre". Hovudtankar frå Salmane. Alle bibeltimane startar kl. 19 og finn stad i Storsalen i Arna kyrkjelyds-hus. Pause med forfriskningar.

5. sept.: Salmane - ei bønebok.

17. okt.: Klagesalmane

14. nov.: Sionsalmane



Gina Marie har nesten hele presteutdannelsen sin på Norsk Lærerakademi her i Bergen. Det første året var hun på misjons-høyskolen i Stavanger. Og ble ordinert som prest her i Arna kyrkje 27. august i år.

Hun er 27 år, vokste opp i Sandnes, men er født i Bergen da faren studerte medisin her. Så hun føler seg litt som ber-genser, sier hun.

### Ellers kan hun fortelle om seg selv:

Jeg liker å spille brettspill. Ikke minst å lære nye spill. Og så liker jeg å strikke. Og et lite fun-fact om meg er at jeg er Harry-Potter nerd.

### Kan du si noe om hva har du fått med deg hjemmefra?

Både far og mor jobbet i helse-vesenet. Far var også opptatt av at en god utdanning var viktig. Så jeg tror kanskje at jeg har fått med meg betydningen både av omsorg og utdanning

hjemmefra. Og kunne kanskje tenkt meg å studere psykologi om jeg ikke hadde valgt teologi. Men selv om jeg til slutt valgte teologi, så har jeg nok fremdeles med meg viktigheten både av å vise omsorg og at jeg stadig prøver å lære mer.

### Hvorfor endte du opp med å studere teologi?

Det begynte nok det året jeg gikk på Sagavoll Folkehøgskole. Året etter begynte jeg å jobbe som ungdomsarbeider i hjemme-menigheten min, Gand Kirke. Da skjønte jeg at jeg ville jobbe med tro og med folk. Og begynte på teologi etter det.


### Hva vil være viktig for deg i prestetjenesten?

Jeg har i det siste blitt opptatt av at vi må snakke sant om livet. Å kunne våge å snakke både om det som er vanskelig og vondt for oss. Såvel som det som gjør oss glad og er kjekt å snakke om. Å snakke nyansert om livet.

Vi sier av og til at livet ikke er en dans på roser. Men kanskje er det det livet er. Bare at av og til tråkker vi på tornene.

### Hva ville du ønske for kirka her i Arna?

At kirka både må være et sted hvor det er plass til ulike mennesker og ulike livshistorier, og at det er bruk for alle. At kirka nettopp må være et rom der en kan snakke



# Å snakke sant om livet

Gina Marie Reisæter-Thu er vår nye kapellan. For første gang har vi to prester i Arna kyrkjelyd. Og det har ihvertfall de som har vært prester i Arna, ønsket seg lenge.

sant om livet. At det slik er rom for hele mennesket i kirka. For bare da kan vi si at det er rom for alle. Jeg ønsker for kirka at det må være en lav terskel der for å dele av livet.

Og at mennesker som kommer i kirka nettopp kan oppleve at Bibelen, troen og Jesus har noe å komme med inn i deres liv. Og jeg ønsker meg også en kirke som utfordrer meg som menneske og prest.

### Hvis du skulle velge deg et bibel-vers, hvilket ville du velge da?

Det er mange jeg kunne valgt, men jeg tror jeg vil velge Jesu ord i Joh 8 v12:

"Jeg er verdens lys. Den som følger meg, skal ikke vandre i mørket, men ha livets lys."

### Du skal bli prest i Arna. Hva slags egenskaper er viktig for en prest?

Først vil jeg si at vi trenger ulike prester. Vi er forskjellig, og det er viktig at vi er forskjellig. Noen er spesielt god på forkynnelse, andre er kanskje dyktige på å møte

mennesker. Samtidig må en møte andre mennesker med ydmykhet. Og jeg tror også at vi som prester må være der folk er.

**Hva er viktig for samfunnet, syns du?**  
Det første jeg tenker på, er psykisk helse. Det andre er klima. For mange henger det sammen. Ikke minst for unge mennesker som har livet foran seg. Og vi må våge å snakke sant også om disse deler av livet.

### Til slutt.

De fleste av oss har ikke et motto for livet. Men jeg tror vi kanskje kan formulere et for Gina Marie. Hun er en prest som vil leve i lyset med mottoet: "Snakk sant om livet."

Og helt til slutt tror jeg derfor vi skal følge oppfordringen fra mor til Kristin prest. Hun pleide å si, ifølge Kristin, "Dette må vi huske å takke for, Kristin" Og det må vi gjøre for Gina Marie også.

TEKST: ERIK RODAL  
FOTO: KRISTIN HJERTAKER

# Aktivitetar for born i Ytre Arna



**Ytre Arna Ving**  
er eit barnelag for alle  
born i 1.-4. klasse i  
Ytre Arna bedehus  
annankvar torsdag  
kl. 18.00-19.15.

Her er det først ein andakt.  
Så blir alle delte inn i grupper  
etter alderstrinn med ulike  
aktivitetar som kjøkken, hobby,  
sløyd og teknikk. Her kan  
du få utfalda dine kreative  
evner. Det er også Ving-

kveldar med påskefest,  
minitivoli og julefestar. Dette  
plar òg vere populære kveldar.  
Pris: 150 kr per år.  
Kontakt: Jørgen Bernes,  
tlf. 902 66 033.

**T&T** er eit alternativ for  
dei som går i 5.klasse og  
oppover. Dei held til i Ytre  
Arna Bedehus, annankvar  
**torsdag frå kl.18-20.**  
Leiar er Oddhild Blindheim,  
oddhild87@gmail.com.

## YA Non Stop Singing

*Er du 6 år eller eldre og har  
lyst å syngja i kor?*

YA Non Stop Singing er eit kor for born frå  
1. klasse og oppover. Fleire av dei som er  
med i koret, er i tenåra. Me øver i kyrkja kvar  
onsdag kl. 17.15-18.15. Alle er velkomne.  
Leiarar: Organist Jørn Skauge (han har per-  
misjon i haust) og Marianne Vevle Hjortland,  
mh798@kyrkja.no



## Bok til fire-åringar og til seks-åringar

*Sundag 10. september  
kl.11 blir det gudsteneste  
for små og store.*

Då skal både dei som fyller 4 år  
dette året, og dei som fyller  
6 år dette året, få «Mi kyrkje-  
bok». Det er sjølv sagt ikkje same  
boka, dei som er 4 år, får ei  
bok som passar for dei, og dei  
som er 6 år, får ei bok som er  
tilpassa at dei no er mykje  
større. Alle i rett alder som er  
døypte medlemmer av Den  
norske kyrkja og bur i Ytre  
Arna sokn, får brev med inn-  
byding. Men alle er velkomne,  
anten dei er døypte eller ikkje,  
ja, endå om dei er på besøk frå  
andre stader!



## Bok til fire-åringar og til seks-åringar

*Sundag 10. september  
kl.11 blir det gudsteneste  
for små og store.*

Då skal både dei som fyller 4 år  
dette året, og dei som fyller  
6 år dette året, få «Mi kyrkje-  
bok». Det er sjølv sagt ikkje same  
boka, dei som er 4 år, får ei  
bok som passar for dei, og dei  
som er 6 år, får ei bok som er  
tilpassa at dei no er mykje  
større. Alle i rett alder som er  
døypte medlemmer av Den  
norske kyrkja og bur i Ytre  
Arna sokn, får brev med inn-  
byding. Men alle er velkomne,  
anten dei er døypte eller ikkje,  
ja, endå om dei er på besøk frå  
andre stader!

**Noa open barnehage** startar opp  
torsdag 17. august! Du finn Noa i det store  
kvite huset rett bak Ytre Arna kyrkje.

Dette er eit tilbod til deg som er heime med små  
barn på dagtid. Her kan du komme saman med  
barnet og ta del i ulike aktivitetar. Vi leikar, syng,  
teiknar og malar! Av og til lagar vi mat, besøker  
kyrkja, biblioteket eller andre turmål i nærmiljøet.  
Noa har ein triveleg leikeplass som og kan be-  
nyttast utanom opningstidene våre.



Ein ettermiddag i september inviterer Noa og Ytre  
Arna sokneråd til **middag** for små og store. Her  
kan du komme etter barnehage/skule eller arbeid  
og ete eit godt måltid i godt selskap – gratis.

Følg med på Facebook-sidene til **Noa  
open barnehage** og **Ytre Arna kyrkjelyd**  
for nærmare informasjon!



**Opningstider:**  
Tysdag 9-14.30  
Onsdag 9-14.30  
Torsdag 9-14.00

Noa open barnehage har  
stengt i skulen sine ferier.

Noa open barnehage,  
Peter Jebsens veg 39

## Bibeltimar i Ytre Arna i haust

*Øg i haust vil me ha ei rekke bibeltimar i eit samarbeid  
mellan dei to bedehusa i soknet og kyrkjelyden. Bibel-  
timane er på onsdagar. Kvar gong er det ein dobbel  
bibetime – med ein kopp kaffi i pausen.*

### PROGRAM:

**13. september** kl. 19.00  
i Ytre Arna kyrkje.  
Talar: Ingvar Fløysvik.  
Emne: Kolossarbrevet. Del I.

**11. oktober** kl. 19.00  
på Ytre Arna bedehus.  
Talar: Odd Sverre Hove.  
Emne enno ikkje bestemt.

**8. november** kl. 19.00  
på Haugland bedehus.  
Talar: Roald Evensen.  
Emne enno ikkje bestemt.

**6. desember** kl. 19.00  
i Ytre Arna kyrkje.  
Talar: Ingvar Fløysvik.  
Emne: Kolossarbrevet. Del II.

## Tverrkjerkjeleg bønesamling hausten 2023

Siste fredag i månaden kl. 18

- 25.aug: Pinsekirken Noah
- 29.sept: Haugland bedehus
- 27.okt: Takvam kapell
- 24.nov: Arna kyrkje

**YA Vokal** er eit kor for unge vaksne, opp mot 60 år. Koret deltar på nokre gudstenester, men tar òg andre oppdrag. YA Vokal har eit stort og variert repertoire. Ta kontakt med dirigent /kantor Bjørn Bergmann for prøvesong. Koret øver i Ytre Arna kyrkje kvar torsdag, kl. 19-21.30.

### Arna/Ytre Arna kyrkjekor

er eit kor for alle som ynskjer å sygne. Dirigent er kantor i Arna kyrkje, Olav Arne Steinkopf. Kyrkjekoret øver i Storsalen, Arna kyrkjelydshus, kvar torsdag kl.17.30-19.30.

### Salmekveld i Arna Kyrkje

Tysdag 26. september kl. 18 er det salmekveld med Haukeland songlag i Arna kyrkje.

Salmane er ein sentral del av vår felles kulturarv, og inneholder unike, poetiske og musikalske uttrykk for ulike generasjonars tankar og tru. I kyrkja si nye salmebok er det stor sjangerbreidd. Dei tradisjonelle salmane står side om side med gospel, spirituals, viser, afrikanske og latinamerikanske salmar. Dette store spekteret ynskjer ein å få fram på denne salmekvelden. Eit band med dyktige musikarar vil få salmane verkeleg til å svinge saman med Haukeland songlag. Musikalsk leiar er kantor Olav Arne Steinkopf. Til slutt vil det bli tid til ein liten ynskje-konsert, der folk kan få ynskje seg sin eigen salme.

**Arna familiekor** er eit sosialt tilbod annankvar tysdag (oddetalsveker) for heile familien. Barn kjem saman med minst ein voksen. Mat (hot dog) frå kl. 16.30. Samling med glade songar, leik og forteljing frå kl. 17. Gratis. Bli med i Facebook-gruppa «**Arna familiekor**» for meir info kontakt Kristin prest: kh937@kyrkja.no

## Bli med i prosjektkor og syng saman med Marianne Juvik Sæbø!

*Onsdag 13. desember er det julekonsert i Arna kyrkje. Då vert det igjen mogleg å bli med i prosjektkor.*

I prosjektkoret syng ein 3-stemmige og 4-stemmige songar knytte til advent og jul i nye og spennande arrangement. Kan hende vert det òg nokre helt nye julesongar.

Medverkande er prosjekt-korsongarar, Arna og Ytre Arna kyrkjekor, Marianne Juvik Sæbø, Cathrine Snipsøy, Tor Jarand Apold og fleire dyktige profesjonelle musikarar frå øvste hylle. Musikalsk ansvarleg er Olav Arne Steinkopf.

Det vert øving i Arna kyrkjelydshus følgjande torsdagar kl. 17.30 - 19.30: 9. november, 16.november, 23. november, 30. november og 7. desember.

Framføring er onsdag 13. desember kl. 19.00.

Påmelding til kantor i Arna, Olav Arne Steinkopf innan 1. november epost: os377@kirken.no, Tlf: 47287242




### Gled deg til søndag 17. september

*Arna Kyrkjelyd vil denne søndagen, sammen med NMS og Normisjon vise noe av bredden av kyrkjelydens engasjement innen bistand og misjon. Guds-tjenesten vil også omfatte takknemlighet for det jorden gir oss av frukt og grønt.*

#### Møt opp i kirken kl. 11.00.

Kirken er pyntet med årets blomster, frukt og grønt, og Arna Soul Children gleder oss med frisk sang. Etterpå går vi direkte til kyrkjelydshuset. Bordet er dekket med årets avlinger til glede for store og små. Dette blir godt å smake på.

Vi skal der møte flere familier som i den senere tid har vært utenlands og møtt spennende mennesker fra andre kulturer og tradisjoner. De vil ta oss



Fire kamera er sett opp i Arna kyrkje og vert stående så lenge Arna er «stall-kyrkjelyd». Desse vert fjernstyrt frå NRK i Trondheim under sendingane. Mykje ekstra lydutstyr og nye mikrofonar er også installert.



## Faste NRK-gudstenester frå Arna kyrkje

*Arna kyrkjelyd har inngått avtale med NRK om å senda minst sju gudstenester det komande året. Den første er 3. september.*

FOTO: KARI SECHER / KRISTIN HJERTAKER

- Dette blir ein stor dugnad og ein sjanse til å setja Arna på kartet. Mange friviljuge medarbeidrarar deltek med ulike oppgåver, og me håpar ekstra mange vil ta turen til kyrkja desse sundagane, seier sokneprest Kristin Hjertaker. Dei tre sundagane i haust er 3. september, 29. oktober og 3. desember.

- Me ønskjer oss ekstra god trøkk i salmesongen og håpar på mange i benkene. Me trur at det blir tre fine og ulike gudstenester, som me håpar vil nå fram til mange, seier Kristin.

med på en «reise» hvor vi får høre hvordan misjonsarbeid foregår i vår tid innen helse, skole og menighetsarbeid.

Vi skal «besøke» land som Filipinene/Indonesia, Kenya, Bangladesh og Asia. Familiene til Gro, Margreta, Gerd Eli og Bjørg tar oss med på denne reisen. Vi gleder oss til dette, og ønsker å se deg denne søndagen!

**Kom, Hør og Se.**



Gro Eman er en av de som vil fortelle om misjon i vår tid. Sammen med mannen Johannes og barna Emilie, Daniel, Lukas og Simen var hun i Kenya i 2022.

tilbodet i Arna kyrkje – også når det gjeld kyrkjemusikken.

**3. september**, vingardssøndag, er temaet «Det er bruk for deg». Klubben for funksjonshemma deltek aktivt i gudstenesta, som får ei enkel form. Det blir også bønevandring med lystenning.

**29. oktober**, bots- og bønedag, er det temagudsteneste med band og forsongarar leia av Olav Arne Steinkopf. Temaet er «Oppgjer og forsoning», og preiketeksten er om sonen som kom heim.

**3. desember**, første sundag i advent, er temaet «Eit nådeår for Herren». Dette vert ei høgmesse med orgelbrus frå galleriet og markering av nytt kyrkjeår.

Etter planen skal fire gudstenester til sendast etter nyttår.



## Sakkeus open barnehage

Dagen består av leik, songstund, formingsaktivitet og matpakkelunsj. Ute har vi ein flott leikepark tilpassa dei minste. Open barnehage kan også vere med på gjere overgangen til ordinær barnehage litt lettare, både for barn og foreldre. Det er også ein fin arena for å bli kjent med andre barnefamiliar i området!



*Open barnehage er for deg som er heime med små barn*

Open barnehage er gratis, og du kan komme og gå som det passar. **Du finn oss i Lakslia 21, måndagar kl 9-15.** Vi har stengt i skulen sine feriar.

Følg Sakkeus open barnehage på Facebook for nærmere informasjon!



Alle inntekter går til skoleprosjekt i Bangladesh.

Betania på Lone:  
**HØSTMESSE & BASAR!**  
Lørdag 16. september, klokken 13.30  
**KAFÉ**

Andakt ved Kari Myhr. Salg av nydelig håndarbeid og hjemmelaget mat. Kafé med salg av kaker, kaffe og saft.  
Haukeland Indremisjon

BASAR for kyrkjelydshuset i Indre Arna laurdag 23. september kl. 14.

Andakt ved Jan Kåre Jakobsen.

Mykje flott å vinne på loddbøker og årer: dokkevogn, håndarbeid, lego med meir. Ringspel for barna med garantert premie. GRATIS kafe med vafler, kaker, saft, kaffi & te.

Lodd blir å få kjøpt hos medlemmar i kyrkjeringsane, på kyrkjekaffi etter gudstenester og grautlaurdag i august.

Gevinstar vert mottekne med takk, og kan leverast på kyrkjekontoret.

## Delta i kyrkjevalet!

For første gong kan ein i år førehands-røysta digitalt til kyrkjevalet, på mobil eller pc. Gå inn via nettsida [www.kyrkja.no/valg](http://www.kyrkja.no/valg)

Alle medlemmer av Den norske kyrkja som er 15 år eller eldre, har røysterett.

**Engasjer deg i lokalkyrkja di og delta i valet!**  
Vanleg førehandsrøysting på Arna kyrkjekontor 31. aug. kl. 15-20 og 7. sept. Kl. 14-16.

Sjølve valldagen er 11. september, samtidig med kommune- og fylkestingsvalet.

**Revheim Gravferdshjelp** 

Me hjelper deg med gravferder og bisettelser

Sissel 48 13 78 15 - Karin 99 29 71 12

revheimgravferdshjelp.no revheim@grhjelp.no



## MER-festival

29. september kl.18-22.  
i kulturhuset i Ytre Arna.

Vi har gleden til å invitere til en festkveld for alle i 5.-7. klasse.

Det blir show, glede og mulighet til å lære mer om Jesus.

Leker, mat, gameshow, glowparty!

## Fest på slottet

Søndag 1. oktober kl.11. er 4-åringar invitert til fest på kongens slott i Arna kyrkje.

Kyrkja er nemleg slottet til Jesus, kongen over himmel og jord. Ta gjerne på fine klede, eller kle deg ut som riddar, prins, prinsesse, eller kva du vil.

Du skal få boka «Fest på slottet» som bevis på at du er ein ekte prins eller ei ekte prinsesse i Guds rike.



## Lysvåken

Lørdag 25-26. november.

11 og 12 åringer blir invitert til overnatting i Arna kyrkje og en kveld full av opplevelser.



Andreas Masvie ordinert i Ytre Arna kyrkje 1954 (Ytre Arna historielag sitt arkiv)

## I haust er det sokne- rådsval i Ytre Arna. **Det var det òg hausten 1953, men det var fyrste gongen det skjedde.**

TEKST: INGVAR FLØYSVIK

Kyrkja i Ytre Arna vart bygd i 1899. Det var fabrikken si kyrkje. Men ho vart snart òg kyrkja til folket i bygda, både dei som arbeidde på fabrikken, og dei som ikkje gjorde det. I 1935 fekk Arna sokneråd eit brev med meir enn 200 underskrifter med bøn om å skilja Ytre Arna ut som eige sokn. Dei skriv: «utviklingen har ført til at der om Ytre Arna kirke er dannet en egen menighet, foruten av stedets innbyggere også av befolkningen i

Hauglands skolekreds.» Etter som Ytre Arna i praksis var ein eigen kyrkjelyd, meinte dei det var rimeleg at området òg juridisk vart eit eige sokn. I møte 23. september same året sa Arna sokneråd seg samd i soknaden.

**Etter formannskapslova av 1837** skulle dei sakene som vedkom berre eitt sokn innan heradet, avgjerast av formennene frå det soknet, altså eit slag «bydelsutval», i Kommunelova av 1921 vert dette utvalet kalla soknestyre. Saka gjekk difor frå soknerådet vidare til Arna soknestyre. Det var tanken Haugland skulekrins og skulle vera med i det nye soknet, og styret bad om uttale frå denne krinsen. Dei svara slik: «Søknaden fraa Ytre-Arna um

# Ytre Arna sokn 70 år

## Utleige av Ytre Arna kyrkjelydshus

*Ytre Arna kyrkjelydshus (rett bak kyrkja) kan leigast til konfirmasjonar, selskap, minnesamvær osb.*

Me har dekketøy til 50 personar, men lokalet passar best viss det ikkje er meir enn 40. Alt er på eitt plan utan trapper. Prisen for utleige er kr. 2000. Då slepp du å vaska ut etterpå.

Kontakt Benthe Vevle, tlf. 412 63 065, e-post [bv467@kyrkja.no](mailto:bv467@kyrkja.no).

Det er òg mogleg å leiga Ytre Arna bedehus, kontakt Arve Stein, tlf. 996 42 459, e-post [arvestein@gmail.com](mailto:arvestein@gmail.com), eller Haugland bedehus, kontakt Steinar Husdal, tlf. 970 17 524, e-post [husdalsteinar@gmail.com](mailto:husdalsteinar@gmail.com).



Ytre Arna kyrkjelydshus hovudsal

10. oktober 1952 låg det føre eit skriv, underskrive av 41 sokne-medlemmer i Ytre Arna, om å få eige sokn. Soknerådet sette ned ei nemnd som skulle førebu saka til det neste møtet. Den 7. november gjorde soknerådet fylgjande vedtak:

1. Arna sokneråd rår til at Arna kapelldistrikt vert skilt ut som eige sokn.

2. Grensene for den nye sokna bør vera dei som vart fastlagde i 1937 for kapelldistriktet: Ytre Arna og Haugland skulekrinsar.

3. Soknerådet rår til at den nye sokna får namnet: Ytre Arna sokn.

Den 30. november vart det halde soknemøte, i Arna kyrkje etter guds-

tenesta og i Ytre Arna kapell om kvelden. Til saman røysta 129 personar. Framlegget frå soknerådet fekk 124 røyster. No fanst det ikkje lenger noko soknestyre som kunne stikka kjeppar i hjula, så soknaden gjekk til departementet. Fyrst 18. juni 1954 kom den kongelege resolusjonen som formelt fastsette delinga, og vedtaket vart gjort med verknad frå 1. juli same året. Men resultatet må ha lege i korta, for den 22. november 1953 vart det fyrste soknerådet i Ytre Arna valt. Det fekk denne samansetninga: Martin Lillebergen, Olai Gaupaas, Olav E. Kvamme, Olga Reigstad, Nils Masvie, Gudrun Kalsås, Arthur Askeland og Johannes Teigland. Varamedlemmer vart Gudrun Brudvik, Sigmund Kleiveland,

Johannes Loftås, Eirik Arne og Maria Rolland. Så når me går til val i år, kan me tenkja på at me står i ein 70-årig tradisjon.



Martin Lillebergen vart vald til det fyrste soknerådet i Ytre Arna (hjå Nævdal)



## Slekters gang

# Lokalt kyrkjeblad

og lokale støttespelarar

Vi er på lag - til beste for Arna!

For Arna sokneråd: Kristin Haukaas  
For Ytre Arna sokneråd: Jorunn Haukås

**NorEngros**  
K.J. Brusdal AS

**ARNA**  
**glass** as

**SaftSuse®**  
PRODUSERT AV FAMILIEN OSBERG



**ØYRANE**  
TORG

**ARNA**  
gravferdsbyrå

Lakslia 14 (Borgstova), 5261 Indre Arna.  
tlf: **55 24 08 08** (24t). [arna-gravferdsbyraa.no](http://arna-gravferdsbyraa.no)

**Murmester**  
**Sigurd Djønne AS**  
  
www.sigurd-djonne.no.no  
Tlf. 55 24 21 16  
Følg oss på facebook

*Boliger i mur*

**A|SKO**  
- vi forsyner Norge med mat

**Ditt lokale verksted**   
**Stamneshagen Auto AS**  
Ytre Arna Tlf. 55247724 [sthauto@online.no](mailto:sthauto@online.no)  
For mer informasjon og bilen: Hjemmeside: <http://www.stamneshagenauto.no>  
Facebook: Stamneshagen Auto AS  
Kontaktpersoner ølde bilen: Terje Angellvret, eller Gudmund Stamneshagen

**ABORA PROSJEKT AS**  
Ingeniør & byggmesterfirma  
  
[www.abora.no](http://www.abora.no)   
Tlf. 55 36 77 88

**BYGGMESTER**  
**JOSTEIN GARNES AS**

**Thunestvedt**   
En god kobling

## Arna

### Døpte:

Vårin Hovlid  
Odin Grindheim Rivenes  
Olav Rutledal  
Ludvik Herland Arnesen  
Elina Berland Waage  
Henry Reknes Seljelid  
Vilde Veivåg Rasmussen  
Viljar Takvam Skålheim  
Ariel Laupstad  
Tage Natland Hirth  
Iben Olea Brandt Hauge  
Ingrid Lien Austgulen  
Casper Sandvik Rolland  
Kornelia Pahr Hundhammer  
Viljar Lavik Aksland  
Ida Skartveit  
Mia Sjursen  
Malena Isabella Reigstad  
Ulrik Rolland Wedervang  
Trym Rasch Fylling  
William Garnes Hatlem  
Leonard Weigand  
Johannessen  
Liam Olsen Sagosen  
Aleksander Rasmussen  
Mats Vinnes  
Kristian-André Sichone  
Kolbeinsvik  
Emil Selbak Østensen  
Victor August Tellefsen  
Fadnes

### Vigde:

Lars Torodd Skjoldnes og  
Camilla Bjørndal Almberg  
Anette Bjerkenes Syvertsen  
og Stian Garnes  
Hanna Wego Livden og  
Vegard Gangås Bjørseth  
Mathilde Tunestveit Knutsen  
og Even Børve  
Iselin Hals og  
Eivind Hauge Raknes  
Benedicte Steine Lindvik  
og Stian Askevold  
Karina Dencker og  
Ole Johnny Frøynes

### Døde:

Johannes Ytrearne  
Kåre Martin Skulstad  
Oddmund Bildøy  
Gunnar Ødegård  
Solveig Lovise Myklebust  
Sigrid Gjesdal  
Magnar Ingvar Vik  
Ingebjørg Iversen  
Magne Herfindal  
Sveinung Knappskog  
Kari Margrethe Søraa  
Jonassen  
Jan Oddvar Skulstad  
Jenny Kristine Flatråker  
Widding  
Malvin Johan Nordbø  
Aslaug Borge  
Jon Kristian Berg  
Oddmund Skjoldal  
Eva Carol Taule  
Nils Borge  
Alvhild Klara Svanevik  
Harriet Berg  
Vidar Strand  
Geir Hammarsland  
Ingolf Berge  
Arthur Bruvik  
Terje Brekke  
Arnt Håkon Littlekalsøy  
Olav Gunnar Borge  
Helga Andrea Oppedal  
Ingrid Hope

## Ytre Arna

### Døpte:


Ola Heldal Bøe  
Oscar Angelvteit Zerafa  
Adrian Røyseth Ulevik  
Marius Røyseth Ulevik  
Emma Kvalsvik  
Rikke Steen Svardal  
Alexander Sætre Lian

### Vigde:

Siv-Helen Riise Bergli og  
Robin Ronell Planting Bergli

### Døde:

Arnfinn Kåre Hjortland  
Annemor Sigfrid Mikkelsen  
Kirsten Andrea Hansen  
Sigrid Gjesdal  
Magnar Ingvar Vik  
Halldis Lien  
Marit Irene Iden  
Harry Jarle Sleire  
Charles Romslo  
Fridtjof Andreas Mjelde  
Magnus Ingvald Haugland



Herren er god mot alle,  
barmhjertig mot alt han  
har skapt.

Alle dine skapninger priser deg,  
Herre, de trofaste velsigner deg.

Alles øyne venter på deg,  
og du gir dem mat i rett tid.  
Du åpner din hånd og metter  
alt som lever, med det gode.

Salme 145



**Natur**

# Gudstenestekalender

Her finn du oversikt over gudstenester i Arna og Ytre Arna kyrkjer – med etterhald om endringar. Det er takkoffer og nattverd nesten kvar gong og dåp i nokre gudstenester. I Ytre Arna har me sundagsskule kvar sundag det er gudsteneste, så sant me får det til. Påmelding til dåp skjer via heimesida til kyrkja, der ligg det oversikt over ledige datoar. Sjå [www.kyrkja.no/arna](http://www.kyrkja.no/arna) eller [www.kyrkja.no/ytrearna](http://www.kyrkja.no/ytrearna). Dersom du ikkje finn noko som passar, kan du ta kontakt med ein av sokneprestane, så finn me ei løysing. Arna: Kristin Hjertaker, Mobil: 414 79 182, Ytre Arna: Ingvar Fløysvik, Mobil: 916 06 626



**03.09.**

**Vingardssundagen**

**Arna kyrkje kl. 11:**

NRK-gudsteneste.

Hjertaker. Klubben deltar.

**10.09.**

**15. sundag i treeiningstida**

**Arna kyrkje kl. 11:**

Gudsteneste.

Reisæter-Thu.

**Ytre Arna kyrkje kl.11:**

Gudsteneste for små og store. Fløysvik.

Myklebust.

**17.09.**

**16. sundag i treeiningstida**

**Arna kyrkje kl. 11:**

Temagudsteneste.

Hjertaker. Misjons-

festival og haust-

takkefest. Arna Soul

Children.

**24.09.**

**17. sundag i treeiningstida**

**Arna kyrkje kl. 11:**

Gudsteneste.

Hjertaker.

**Ytre Arna kyrkje kl.11:**

Gudsteneste. Fløysvik.

**01.10.**

**18. sundag i treeiningstida**

**Arna kyrkje kl. 11:**

Gudsteneste for små og store. Reisæter-

Thu. Fest på slottet (4-åringar).

**08.10.**

**19. sundag i treeiningstida**

**Arna kyrkje kl. 11:**

Gudsteneste, Domprost Kåre Rune

Hauge og Hjertaker.

Konfirmantjubileum.

**Ytre Arna kyrkje kl.11:**

Hausstakkefest.

Fløysvik.

**15.10.**

**20. sundag i treeiningstida**

**Arna kyrkje kl. 11:**

Gudsteneste.

Reisæter-Thus.

**22.10.**

**21. sundag i treeiningstida**

**Arna kyrkje kl. 11:**

Gudsteneste. Hjertaker.

**Ytre Arna kyrkje kl.11:**

Gudsteneste.

Reisæter-Thu.

**29.10.**

**Bots- og bønedag**

**Arna kyrkje kl. 11:**

Temagudsteneste (NRK). Hjertaker.

**05.11.**

**Helgemessesundag**

**Arna kyrkje kl. 11:**

Gudsteneste. Grutle.

E. Hovland: Allehelgensmesse. Kor og

musikarar. Steinkopf.

**Arna kyrkje kl. 17:**

Minnegudsteneste. Hjertaker.

**Ytre Arna kyrkje kl.11:**

Gudsteneste. Fløysvik.

**12.11.**

**Sundag for forfylgde**

**Arna kyrkje kl. 11:**

Gudsteneste.

Reisæter-Thu og

Ole Petter Livden.

**19.11.**

**25. sundag i treeiningstida**

**Arna kyrkje kl. 11:**

Gudsteneste. Hjertaker.

**Ytre Arna kyrkje kl.11:**

Gudsteneste. Fløysvik.

Tveten.

**26.11.**

**Kristi kongedag**

**Arna kyrkje kl. 11:**

Gudsteneste for små og store. Reisæter-

Thu. Lys vaken.

**03.12.**

**1. sundag i adventstida**

**Arna kyrkje kl. 11:**

NRK-gudsteneste.

Hjertaker.

**Ytre Arna kyrkje kl.11:**

Gudsteneste for små og store. Fløysvik.

**Ytre Arna kyrkje kl.19:**

Lysmesse. Fløysvik.



## Velkommen til dåp!

Alle er velkomne til dåp i kyrkjene våre. På heimesida finn du meir informasjon om dåpen og skjema for digital påmelding.

[www.kyrkja.no/arna](http://www.kyrkja.no/arna)   [www.kyrkja.no/ytrearna](http://www.kyrkja.no/ytrearna)

Vel fana «dåp», «ny registrering» og kryss av for den kyrkja du ønskjer dåp i, så får du opp ledige datoar. Dersom du ikkje finn noko som passar, kan du kontakta kyrkjakontoret eller ein av prestane direkte.